



Notat

Dato: 02.02.2018
Arkivsak: 2018/7272-1
Saksbehandlar: ARNREKV

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Refleksmerking av elevsekkane i Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til møte i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland 28.11.2017 der fylgjande forslag vart oversendt for vidare handsaming:

«Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) ber fylkesrådmannen om å utstyre elevane i vidaregåande skule med tydeleg refleksmerking på skulesekkane som vert utdelt for ettertida. FTU ønskjer at det på neste møte vert ei orientering om rammene for innkjøp av skulesekkane, og korleis FTU kan arbeide vidare med dette.»

Det vert kvart år kjøpt inn ca 6500 elevsekkar til Vg1-elevane ved dei offentlege vidaregåande skulane i fylket. Dagens avtale for kjøp av elevsekkar vart inngått 11.06.2014. I forkant av skuleåret 2016/2017 vart avtalen justert for å sikre at sekkane i større grad enn tidlegare hadde god refleksmerking.

Skulesekken som har vorte nytta siste to skuleår, har fylgjande mål og plassering av refleksar:

Horisontal refleks bak:

3 x 30cm

Vertikal refleks bak:

0,5 x 18cm

6 reflekspunkt framme på skulderreimer:

2 x 2cm

Bilete av elevsekken slik den har sett ut sidan skuleåret 2016/17:



Opplæringsavdelinga held i desse dagar på med nytt anbod for kjøp av elevsekkar. I spesifikasjonane er fylgjande krav spesifisert for refleksmerking:

«Ryggsekken skal ha godt synleg refleks både foran og bak på sekk, samt på regntrekk»